

Fusa kommune

Områderegulering Strandvik

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
Borggata 11
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 906 61 631



Datert: 29.08.2018, revidert 13.03.2019 og 22.05.2019

Planprogram godkjent 20.06.2019

Planid: 1241201903

Sak: 18/946

INNHALD

1.0	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN	3
1.2	HOVUDMÅL	3
1.3	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	4
1.4	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET.....	5
2.0	PLANPROSESS	6
2.1	KONSEKVENSGREIING	6
2.2	PLANPROGRAM.....	6
2.3	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	6
2.4	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD.....	7
2.5	FRAMDRIFT.....	8
3.0	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	8
3.1	NASJONALE FØRINGAR OG RAMMER.....	8
3.2	REGIONALE FØRINGAR OG RAMMER	9
3.3	LOKALE FØRINGAR OG RAMMER	10
3.4	GJELDANDE REGULERINGSPLANAR I OMRÅDET	12
4.0	UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR	14
4.1	LANDSKAPSBILDE.....	14
4.2	FRILUFTSLIV/BY- OG BYGDELIV	15
4.3	NATURMANGFALD	17
4.4	NATURRESSURSAR	20
4.5	KULTURARV.....	22
4.6	TRAFIKK.....	23
4.7	BUKOMMUNEN.....	24
4.8	STØY.....	25
5.0	KONSEKVENSGREIING	26
5.1	METODE.....	26
5.2	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	27
5.3	UTGREIINGSPROGRAM	28
5.4	SAMANSTILLING OG TILRÅDING.....	29

1.0 Innleiing

Planprogrammet skildrar bakgrunnen for og innhaldet i kommande områderegulering for ein større del av Strandvik samt at det vert gjort greie for kva tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga.

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.07.2017 (i kraft 01.07.2017).

Fusa kommune er tiltakshavar. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

1.1 Bakgrunn

Fusa kommune ønskjer som eit overordna mål utvikling av alle bygder og ønskjer særleg vekst i dei områda der folketalet aukar og folk ønskjer å bu. Delar av Strandvik er i kommuneplanens arealdel (godkjend 2015) sett av til sentrumsområde, og er i tillegg til Fusa og Holmefjord eit viktig bygdesenter (nærsenter) med ein funksjon for områda rundt. Oppstart av planarbeidet er eit initiativ frå Fusa kommune då det i arealdelen heiter at før byggeområde sett av til sentrumsføremål i Strandvik og før nye tiltak som krev søknad og løyve kan godkjennast, bør dei avklarast vidare i ein områdeplan. Planarbeidet er òg forankra i planstrategien der den er lista som ein av tre områdeplanar som skal starast opp i 2018.

Som grunnlag for førre rullering av kommuneplanens arealdel vart det i 2013 sett i gong eit LivOGLyst-prosjekt «Alt skjer i Strandvik» med bl.a. idédugnad om mogleg utvikling av Strandvik sentrum. I tillegg er det utført eit forprosjekt «Strandvik bygdepark» (2017) der ideen er å utvikle bygda til ei attraktiv bygd og sentrum. Dei lokale kreftene i Strandvik er sterke og gjennomføringsvillige og det tidlegare arbeidet er noko som planarbeidet vil vurdere å byggja vidare på.

1.2 Hovudmål

Overordna mål med områdeplanen er ei føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling og leggje rammene for utvikling av Strandvik, styre og auke attraktiviteten i sentrumsområdet. Planen avklarar eit større område for arealbruk og stiller evt. krav til vidare detaljregulering av delområde innanfor områdeplanen si avgrensing. Planar under arbeid og vedtekne planar skal implementerast i områdeplanen. Vedtekne planar vil òg oppdaterast til gjeldande plan- og bygningslov og nasjonal produktspesifikasjon for arealplanar.

For planarbeidet er det tatt utgangspunkt i eit av hovudsatsingsområda frå kommuneplanen sin samfunnsdel: berekraftige lokalsamfunn. Hovudfokuset for berekraftige lokalsamfunn skal vere Fusa som:

- Naturkommune- på lag med naturen
- Bukommune- trivsel for alle
- Arbeidskommune- rikt og variert næringsliv

Andre viktige satsingsområde for kommunen er:

- treffsikre kommunale tenester- gode kår i alle år
- samhandling og samarbeid- lagspel gjev gode resultat.

Som grunnlag for og i planarbeidet så langt er det frå kommunen og lokale aktørar kome fram til ulike hovudmål og tiltak som ein ynskjer skal vurderast/arbeidast vidare med, eller tiltak som skal inngå i områdeplanen:

- Sti og flaumsikring langs Vikaelva, for tilkomst/tilgjenge til elva og sjøen.
- Bygdepark med aktivitet både sommar og vinter med lyssetting
- Del av Fv. 122 som miljøgate frå Jordmorsvingen til brua før kyrkja, som forlenging av miljøgata og trafikksikring av mjuke trafikantar.
- Vidareutvikling av idrettsanlegg
- Innkøyring til oppveksttun og ny veg bak grendehuset
- Utviding av kyrkjegard, parkeringsplassar ved kyrkja, bru/gangveg til gravplass. Vegar og plassar vert tydeleggjort for betre samanheng, samt parkering i tilknytning til offentlege tilbod/aktivitetar

- Utretting og utbetring av hovudveg og etablering av løysing for mjuke trafikantar. Sikre gode tilhøve for mjuke trafikantar i heile planområdet.
- Gjestehamn ved den gamle dampskipskaaien/molo ved naustrekkja
- Nye næringar som campingplass
- Grunnlag for konkrete vurderingar av krav til utforming for areal til framtidig bustadområde, f eks fjernverknad, vegframføring, rekkjefølgjekrav, buffersone mot landbruk og ta vare på kulturminne samt trygg og god vegframføring til dei nye bustadfelt.
- Oppdatere reguleringsplanar for naustrekkja og ridehallen.
- Sikre landbruksområdet bak naustrekkja. Ny vurdering av områda sett av til bustad i KPA som har dyrka/dyrkbar mark, enten ved endra arealbruk eller justeringar for korleis areala kan nyttast.
- Legge til rette for gangveg/sti frå hytteområdet nedanfor Kletten, via areal sett av til småbåthamn/campingplass, bak naustrekkja og mot bygdeparken/butikken.
- Sikre dei gode siktlinjene i sentrum
- Moglegheit for flytande bustader i sjø, jf. innspel til Strandvik bygdeutval. Vurdering må omfatte føremål, plassering, utforming, infrastruktur m.m.
- forslag til omlegging av delar av kommunal veg, Haugsvegen og vurdering av evt. ny vegtilkomst til område som i kommuneplanens arealdel ligg som framtidig bustadområde.

1.3 Nøkkelopplysningar


Grunnkrins	Strandvik
Gjeldande planstatus	Området er i kommuneplanens arealdel sett av til sentrumsføremål, bustadføremål (noverande og framtidig), andre bygningstypar (naust), fritids- og turistføremål (framtidig), samferdselsføremål, småbåthamn (framtidig), LNF-område, bruk og vern av sjø og vassdrag. Gjeldande reguleringsplanar innanfor området er: - Fv 122 Jordmorsvingen (1241_200302) - Naustrekkja i Strandvik (1241_199802) - Ridehallen Øvre Tuft 84/3 m.fl. (1241_200801)
Tiltakshavar	Fusa kommune
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur AS
Hovudformål med områdeplan	Hovudføremålet med planarbeidet er å utvikle bygda Strandvik med omsyn til lokal identitet, bulyst og lokalt næringsliv.
Planområdets storleik	Ca. 491 daa
Aktuelle problemstillingar	Tettstadutvikling, landskap, landbruk, infrastruktur, flaum, støy, naturmangfald og næringsutvikling
Kunngjering oppstart	17.10.2018
Offentleg ettersyn planprogram	17.10.2018 - 22.11.2018 og 29.03.2019
Informasjonsmøte	06.11.2018
Utviding planområdet og nytt offentlig ettersyn	10.04.2019- 20.05.2019
Siste revisjonsdato planprogram	22.05.2019

1.4 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg i Strandvik, sør i Fusa kommune ut mot Sævareidfjorden og Bjørnafjorden. Planområdet ligg ca 5 km søraust for Vinnes og med ca 22 km køyreavstand frå kommunesenteret i Eikelandsosen. Planområdet omfattar områder langs Fv 122 Strandvikvegen og Håvikvegen.

For å få avgjort kva byggjeområde ein ønskjer innlemmast i områdeplanen vart ulike forslag til planavgrensingar lagt fram i utval for plan og miljø 31.05.2018. Planområdet er avgrensa med grunnlag i administrative og politiske vurderingar og offentleg medverknad. Vurderinga er at eit stort planområde er nødvendig for å kunne gjere gode overordna vurderingar og det vart difor tatt utgangspunkt i alternativ 1 for planavgrensing.

Ressursgruppa har i tillegg føreslått planområdet utvida austover slik at mogleg tilkomst til bustadområde på Leigland er innlemma i avgrensinga, sjå figur under. Etter innspel til oppstartsvarselet er grense i aust utvida ytterlegare for å kunne vurdere omlegging av kommunal veg Haugsvegen og om mogleg endra tilkomst til nytt bustadfelt på Leigland. I tillegg er det ønskeleg å oppdatere detaljregulering for nausttrekkja og ridehallen, samt legge til rette for gangveg/sti frå hytteområde nedanfor Kletten, via areal sett av til småbåthamn/campingplass bak nausttrekkja og mot bygdeparken/forretninga. Arealet i sjø er utvida søraustover etter innspel om flytande bustader som ein ynskjer vurdert. Arealet bak nausttrekkja er trekt fram som viktig å sikre grunna landbruksverdiar og kulturverdien knytt til nausttrekkja. Det er òg viktig å sikre siktlinjer i sentrum og ikkje bygge dei igjen. For felt med dyrka/dyrkbar mark som er sett av til bustadbygging i KPA er det ønskeleg å gjera nye vurderingar og evt. justere areala for å redusere nedbygging av landbruksjord.



Figur 1: Foreslått plangrense for områdeplanen med arealbruk ihht. kommuneplanens arealdel (KPA).

Utvalet gjorde 31.05.2018 følgjande vedtak:

UPM- 039/2018 Vedtak: Fusa kommune godkjenner oppstart for arbeidet med områdeplan for Strandvik sentrum. Vedtaket er heimla i arealdelen av kommuneplanen, og i plan- og bygningslova(pbl) §§ 12-2, 4-1 og 4-2.

Planområdet er ca. 491 daa.

2.0 Planprosess

Områdeplan for Strandvik skal utarbeidast som ei områderegulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-2. Områdereguleringa vert utforma med ulike detaljering på dei ulike områda. Det er ikkje aktuelt å detaljregulera heile planområdet og nye bustadområde som har plankrav i KPA vil vurderast i forhold til vidareføring av plankravet. Slik kan kommunen stille overordna krav til utforming for framtidige bustadområde utan at ein treng å ta stilling til alle detaljane.

Planarbeidet vert omfatta av § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing der følgjande planar og tiltak alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram: a) «kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II».

2.1 Konsekvensutgreiing

Føremålet med konsekvensutgreiinga (KU) er å klargjere verknadane av nye tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn samt arealdisponeringa i forhold til planlagt endra arealbruk. Områdeplanen skal fastsette plassering av byggeområde, tilførselsvegar og andre tilhøyrande anlegg, samt sikre areal til gjennomføring av prosjektet.

Forskrift om konsekvensutgreiing sett mellom anna krav til prosess for reguleringsplanar med konsekvensutgreiing. Eit av krava er at det seinast ved varsling om og kunngjering av oppstart av planarbeidet skal leggjast fram eit planprogram.

2.2 Planprogram

Frå plan- og bygningslova § 4.1:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.»

Føremålet med planprogrammet er å klarleggje premiss og rammer for planarbeidet, dvs. fastsetje kva tilhøve som skal utgreiast og vurderast nærare i planforslaget med konsekvensutgreiing. Eit anna føremål er å informere relevante myndigheiter, organisasjonar og råka partar samt få innspel til gjennomføringa av reguleringsplan og konsekvensutgreiinga. Planprogrammet skal styrke tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på et tidleg tidspunkt i planarbeidet.

2.3 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag. Ved utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn skal det gjerast greie for konsekvensane av planforslaget.

Frå plan- og bygningsloven § 4.2:

«Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.»

«...for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkninger for miljø og samfunn.» (§ 4-2)»

Planomtalen utarbeidast i samsvar med Fusa kommune sine krav.

2.4 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing. I Strandvik er dei lokale drivkreftene sterke og det er stort engasjement. I det vidare planarbeid vert det difor nytta ein brei medverknadsprosess der administrasjon, ressursgruppe, innbyggjarar, grunneigarar, lokale lag og organisasjonar m.m. skal få medverke.

Planprosess

Områdereguleringa er planlagt gjennomført med følgjande prosess:

- Planavgrensing er vurdert og avklara i ressursgruppa, og deretter lagt fram i utval for plan- og miljø (UPM) 31.05.2018. Oppstart av planarbeidet vart vedtatt i møtet. Etter innspel til oppstartsvarselet er planavgrensinga utvida mot aust og søraust og det vert varsla utviding av planområdet til berørte partar.
- Forslag til planprogram vert utarbeida og vurdert av ressursgruppa og godkjend av planavdelinga i Fusa kommune og lagt fram for utval for plan- og miljø.
- Etter vedtak frå utval for plan- og miljø vert forslag til planprogram saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa med 6 vekers frist. Det vert også annonsert i elektroniske media.
- På bakgrunn av innspel til oppstartsvarsel og offentleg ettersyn av planprogram vert endeleg planprogram politisk fastsett.
- Planforslag med plankart, føresegnar, planomtale med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert sendt til Fusa kommune og handsama av ansvarleg mynde i kommunen med vedtak om å leggje planforslaget ut på offentleg ettersyn med seks vekers høyringsfrist. Naboar og offentleg mynde kan kome med fråsegn og uttalar til planforslaget.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuell justering og supplering av planframlegget.
- Justert planforslag for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.
- Vedtak i kommunestyret.

Medverknad

I arbeidet med områdereguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova. Det er ønskjeleg med dialog mellom kommune, regional planmynde, grunneigarar, born og unge, lokallag, organisasjonar og næringsaktørar i prosessen. Ope informasjonsmøte vart avhalde 06.11.2018 i Strandvik og det planlagt nytt informasjonsmøte ved offentleg ettersyn av planforslaget.

Forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Melding om oppstart og offentleg ettersyn av planprogrammet vert kunngjort gjennom annonse i minimum ei avis, på kommunen si nettside og gjennom brev til offentleg mynde, organisasjonar og naboar.

2.5 Framdrift

FASE	ORGAN	FRAMDRIFT
Avklaring planavgrensing/oppstart av planarbeid	Utval for plan og miljø	31.05.2018
Utarbeiding av planprogram ressursgruppa, planavdeling, konsulent		April-Juni 2018
Vedtak offentlig ettersyn av planprogram og varsel om oppstart	Utval for plan og miljø	Sept. 2018
Offentleg ettersyn planprogram, varsel om oppstart		Okt.- Nov 2018 (Mars 2019)
Ope informasjonsmøte		Nov 2018
Gjennomgang merknader, justering av planprogram		Mars 2019
Godkjenning av planprogram	Utval for plan og miljø	Mai 2019
Vedtak av planprogram	Kommunestyret	Juni 2019
Utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing		Mars-Juni 2019
1. gongs handsaming av planforslag	Utval for plan og miljø	August 2019
Offentleg ettersyn av planforslag		Sept. – Okt. 2019
Handsaming av merknader/revisjon		Okt. 2019
2. gongs handsaming av planforslag	Utval for plan og miljø	Nov. 2019
Godkjenning av reguleringsplan	Kommunestyret	Des. 2019

3.0 Føringer og rammer for planarbeidet

3.1 Nasjonale føringer og rammer

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk, effektiv ressursutnytting med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, trafikksikre område og effektiv trafikkavvikling/redusert transportbehov.

Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige og kompakte byar og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og sikkerheit. Det skal òg leggest til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i områder med press på bustadmarknaden.

Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging i kommunane.

Det er viktig å fremje lokal og regional handling på området for klima og miljøvennleg energiomlegging for å dempe klimautfordringane verda står over for. Dette må foregå både på lokalt og regionalt nivå og takast stilling til i planar som vert berørt av temaet.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Rikspolitiske retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø.

Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Det skal gjennomførast ein sterkare geografisk differensiering, der vernet er strengast i sentrale områder der presset på areala er stort.

Rikspolitiske retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging(T-1442/2016)

Anbefaler støygrenser ved etablering av nye bustader og annan busetnad med støyfølsam bruk. Gul sone er vurderingssone der nye bygg kan oppførast dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. I rød sone bør ein unngå bygg med støyfølsamt bruksformål. Støyfølsam bruk er bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skuler og barnehagar. Lydkrava i byggt teknisk forskrift (TEK 17) gjeld og for andre typar bygningar med støyfølsam bruk, som kontor og overnattingsstader.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova stiller krav til kunnskapsgrunnlaget ved vurdering av planens konsekvensar for naturmangfaldet, jf § 8. Her heiter det at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt verknaden av påverknader. Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Folkehelseperspektivet , jf. pbl. 3 – 1.

Alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4.

Vassressurslova § 11 (kantvegetasjon)

Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget.

Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.

Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle fritte for kravet i første ledd

Lakse- og innlandsfisklova §§ 1 og 7

§1. Lovens formål er å sikre at naturlige bestander av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deres leveområder samt andre ferskvannsorganismer forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens mangfold og produktivitet bevares. Innenfor disse rammer skal loven gi grunnlag for utvikling av bestandene med sikte på økt avkastning, til beste for rettighetshavere og fritidsfiskere.

§7 Regulering av utbygging og annen virksomhet.

Hensynet til fiskeinteressene og ivaretagelse av fiskens og andre ferskvannsorganismers økologiske funksjonsområder skal innpasses i planer etter plan- og bygningsloven i kommune og fylke.

Departementet kan gi bestemmelser om at fysiske tiltak, herunder terskler og fiskehøler skal godkjennes.

Departementet kan forlange at tiltak, anlegg eller annen virksomhet som er satt i verk i strid med bestemmelsene i denne paragraf fjernes og at den opprinnelige tilstand i vassdraget blir gjenopprettet. Dersom pålegget ikke blir etterfulgt innen den frist som blir satt, kan departementet la arbeidet bli utført for vedkommendes regning. Utgifter ved dette er tvangsgrunnlag for utlegg.

Annet ledd gjelder ikke for kraftutbyggingstiltak som krever konsesjon etter vassdragsreguleringsloven eller vannressursloven, og heller ikke for andre tiltak som krever konsesjon etter vannressursloven, med mindre formålet med tiltaket er å øke fangsten av fisk på stedet, forskyve fangsten av fisk i vassdraget, eller forandre én eller flere arters produksjon, bestandsstørrelse eller utbredelse

3.2 Regionale føringar og rammer

Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel, Hordaland.

Føremålet med dei fylkespolitiske retningslinjene for senterstruktur og lokalisering av service og handel er å oppnå ei meir berekraftig og robust by- og tettstadsutvikling med ein langsiktig senterstruktur. Mellom anna inneber det at byar og tettstader ikkje skal spreie seg ut over for stort areal, men utbyggjast slik at transportbehovet kan avgrensast. Publikum skal ha eit godt handels- og tenestetilbod innan rimeleg avstand gjennom ei geografisk deling av tilboda.

Eit prinsipp som er nedfelt i denne planen er at daglegvarehandel må lokaliserast nær der folk bur eller arbeider for å oppnå redusert transportbehov. Viktig for planarbeidet er retningslinje 3.2 i den regionale planen ang. arealbruk som seier at sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum og føresegn 4.1 som seier at: «Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, by-delssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan. Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekinga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen. Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/ rammeløyve overstig 3.000 m² krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og stør-re byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular».

Regional plan for klima og energi, 2014-2030

Hovudmålet i klimaplanen er at utslepp av klimagassar skal reduserast med 22 % innan 2020, 40 % innan 2030 i høve til 1991. Energibruken skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet skal i tillegg i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald. Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, som er lagt til grunn på presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal.

Regional plan for folkehelse 2014-2025

Eit sentralt punkt i folkehelsesatsinga og for å sikre god helse for framtidige generasjonar, er førebyggjande og helsefremjande innsats retta mot å sikre barn og unge gode oppvekstilhøve. Helsevenleg samfunnsplanlegging og omsynet til «helse i alt vi gjer» er berande element i planen. Universell utforming er og inkludert i planen, då eit godt universelt utforma samfunn gjev det mogleg at alle kan delta på like vilkår, og jamne ut sosiale helseskilnader.

Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2013- 2024

Planen gjer greie for kva mål og strategiar ein legg til grunn for dei ulike plantema, og kva tiltak som bør setjast i verk for å utvikla eit transporttilbod som: Bidreg til verdiskaping, sikrar robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar, som gjev god tilgjenge til viktige reisemål i Bergensområdet, gjev betre framkome og reduserte avstandskostnader i distrikta, som bidreg til å betre trafikktryggleik og å redusera risikonivå, oppnår viktige miljø- og klimapolitiske mål, samt sikrar tilgjenge for alle.

3.3 Lokale føringar og rammer


Samfunnsdelen til kommuneplanen- Fusa- midt i blinken 2011 – 2023

Samfunnsdelen legg rammene for planlegging, aktivitet og arealbruk i kommunen, og inneheld handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenenesteutviklinga og prioritering av tiltak. Overordna mål er å auka folketalet i kommunen, noko som gjer at bustadområda har stort fokus i planperioden. Vidare er det tre hovudsatsingsområde som er berekraftige lokalsamfunn, treffsikre kommunale tenester og samhandling og samarbeid. Innanfor satsingsområdet berekraftige lokalsamfunn skal hovudfokus vera på Fusa som naturkommune, bukommune og arbeidskommune.

Kommuneplanens arealdel (KPA) 2015-2027

Planområdet er i gjeldande kommuneplan sett av til sentrumsføremål, framtidig og eksisterande bustadområde, naustområde, noverande spreidd bustadområde, framtidig fritids- og turistføremål og LNF.

Sjøarealet sør for landområdet er sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og ein mindre del framtidig småbåthavn (VS4). Planområdet ligg delvis innanfor omsynssone H910 der reguleringsplan framleis skal gjelda. Innanfor planområdet lengst nord ligg omsynssone H510_11, som gjeld område vurdert som kjerneområde landbruk.



Figur 1: Kommuneplanens arealdel for området.

Andre relevante føringar/retningslinjer frå arealdelen er:

- Byggjefelt skal leggjast sentralt(gang- og sykkelavstand) i høve sentrumsfunksjonar i bygdene
- Bustadbygging skal i hovudsak skje langs hovudvegane
- Satsast på fortetting i eksisterande bustadområde
- Bustadbygging på areal som i liten grad er dyrkbare
- Ønskjeleg med varierte bumiljø, både einbustader og fleirmannsbustader/leilegheiter med ulik storleik.
- Leggast til rette for bustadområde med nærleik til sjø.

Klima- og energiplan for Fusa kommune 2011-2020.

Fusa kommune ønskjer med planen å leggje til rette for meir effektiv energibruk og reduserte klimautslipp og medverke til å nå dei nasjonale klimamåla. Dette vil oppfyllest gjennom samarbeid med lokalt næringsliv og iverksetjing av kommunale verkemidlar. Planen er delt i ein faktadel og ein tiltaksdel med fem ulike tiltaksprogram.

Trafikksikringsplan 2016-2019

Føremålet med planen er å leggja til rette for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet, og få talet på ulykker ned og auka trafikktryggleik. Planen inneheld utfordringar, målsetjingar og prioriteringar for trafikksikringsarbeidet i Fusa med utgangspunkt i økonomiske rammer lagt i kommunen sine budsjett. Både fysiske og ikkje-fysiske tiltak er føreslege.

Bustadsosial plan 2015-2025

Ein bustadsosial handlingsplan er "ein plan om bustader og bustadtiltak for dei som har vanskar med å skaffa seg eller halda på ein tilfredsstillande bustad på eiga hand". Dette er naudsynt for å stetta sosialtenestelova sine føringar om at "Sosialtenesta skal medverka til å skaffa bustader til personar som ikkje sjølve kan ivareta sine interesser på budstadsmarknaden".

Plan for at Fusa skal kunne tilby gode, heilskaplege og målretta tenester innan det bustadsosiale feltet.

Mål med planen:

1. ha ei prioritert oversikt over noverande og framtidige bustadbehov.
2. ha ei oversikt over verkemiddel og tiltak som er effektive, oppnåelege og konkrete.
3. ha oversikt over behovet for økonomiske og fagleg ressursar.
4. ha ein plan med eit gjennomgåande folkehelseperspektiv.
5. ha ei oversikt over Husbanken sine verkemiddel vi kan nytta for å gjennomføra tiltaka og nå måla våre.

Effektmål:

1. Få eit reiskap til å møte noverande og framtidige bustadsosiale utfordringar på ei meir heilskapleg og framtidsretta måte
2. Få ei betre utnytting av eigedomsmassen i kommunen

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025

Planen gjer greie for korleis kommunen handterer statlege, regionale og lokale føringar for desse delfelta. Visjon og mål byggjer vidare på føringar frå samfunnsdelen til kommuneplanen. Visjonen er aktivt liv og trivsel for alle og har eit overordna mål om at alle kan vera fysisk aktive i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

3.4 Gjeldande reguleringsplanar i området

Innanfor planområdet er det tre gjeldande reguleringsplanar:

- **Reguleringsplan for fv. 122 Jordmorsvingen**, godkjend 2003


Reguleringsplanen er regulert til køyreveg, fortau, annan veggrunn grøntareal, frittliggjande småhusbusetnad, sentrumsføre mål.

- **Reguleringsplan for Ridehallen Øvre Tuft**, godkjend 2008

Området er regulert til idrettsføre mål, bustad, jord og skogbruksområde, friluftsområde

- **Reguleringsplan for Naustrekkja i Strandvik**, godkjend 1998.

Området er regulert til bustader, spesialområde vern, jordbruk og skogbruk, felles kjøreveg.



Figur 2: Utsnitt som viser vedtekne reguleringsplanar.

Andre reguleringsplanar i området er:

- **Reguleringsplan for Bustadfelt/hyttefelt Refsnes, godkjend 1988**
Reguleringsplanen inneheld
- **Reguleringsplan for Kletten, gnr./bnr. 84/1 og 2, godkjend 2010**
Reguleringsplanen inneheld
- **Reguleringsplan for Ådnavik, 89/2 og 8, 90/9 og 19, godkjend 2001**
Reguleringsplanen inneheld
- **Reguleringsplan for Strandvik industriområde, godkjend 2001**
Reguleringsplanen inneheld
- **Reguleringsplan for Stølen, Strandvik, godkjend 2005**
Reguleringsplanen inneheld

Pågåande reguleringsplanar innanfor området

- **Reguleringsplan for Strandvik bygdapark, del av gbnr. 85/2 m.fl., godkjend 2018**

Området er regulert til forretning/kontor/tenesteyting, park, friområde, veg, køyreveg, annan vegg grunn, friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og badeområde.

4.0 Utfordringar og sentrale problemstillingar

Utfordringar og problemstillingar for miljø og samfunn som er vurdert som sentrale for planarbeidet er omtala med utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. I planarbeidet vil ein legge vekt på satsingsområdet **berekraftige lokalsamfunn** med dei tre hovudfokusområda naturkommunen, bukommunen og arbeidskommunen som òg ligg til grunn i overordna planar. Under er ei oversikt over ulike deltema under hovudfokusområda som vil vere sentrale i det vidare planarbeidet og ev. må konsekvensutgreiast som følge av nye tiltak.

Naturkommunen (naturmangfald, naturressursar, landskap)

Fusa kommune har som mål å forvalte naturressursar og areal på ein slik måte at det vert tatt omsyn til både naturen si toleevne og til innbyggjarane og deira behov.

Bukommunen (friluftsliv/ by- og bygdeliv)

Fusa kommune har som mål å leggja til rette for aktiv fritid, rikt kulturliv, sosiale møteplassar, attraktive bumiljø, gode kommunikasjonar, sterkt sentrum og levande bygder med trivsel for alle.


Arbeidskommunen (friluftsliv/ by- og bygdeliv)

Fusa kommune har som mål at dei skal oppretthalda eit rikt og variert næringsliv i Fusa, styrkja dei eksisterande arbeidsplassane og utvikla nyre næringar.

4.1 Landskapsbilde


Fagtema landskapsbilde handlar om landskapets romlege og visuelle eigenskapar og korleis landskapet vert opplevd som fysisk form. Registreringskategoriar kan vere: topografiske hovudformer, romlege eigenskapar, naturskapte visuell eigenskapar, naturskapte nøkkelement, vegetasjon, arealbruk, byform og arkitektur, menneskeskapte visuelle eigenskapar, og menneskeskapte nøkkelement.

Strandvik er visuelt påverka av Vikaelva som kjem ned frå Fusafjellet mot sjø og er eit viktig element i området. Topografien i området er relativt flat der elva meandrer seg frå Fusafjellet og ut i sjø, særleg nedre del. Med unntak av området ved elvemunninga stig topografien bratt opp frå sjø mange stader og særleg områda aust for elva. Topografien elles i området er prega av ulike platå i skrånande terreng, men heile planområdet er ein del av eit større «delta» i stor kontrast til dei høge fjella mot nord. Høgdefordelinga innanfor planområdet er frå havnivå til ca 60 moh.



Figur 3 Landskap og topografi i området. Kommunekart 3D.

I rapporten «*Nasjonalt referansesystem for landskap 2005*» er landskapet i området klassifisert i underregion «*breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger*». Området ligg ved inngangen til Sævareidfjorden og er innanfor landskapsregion 21-01-04 ytre fjordbygder på Vestlandet, Bjørnafjorden, etter Norsk institutt for bioøkonomi si klassifisering av landskapsregionar. Landskapstypen er kjenneteikna med *områder med til dels stor utstrekning, med sjøflater og er mektig mellom fjell og fjordsider. Relieff kan variere mykje og for dette landskapet er det opne sjøområde med svak romavgrensing og visuell kontakt til det opne hav*. Området ved Bjørnafjorden skil seg ut som eit særskild storskala fjordbasseng. Verdien av området er vurdert til stor då det inngår i ein særleg inntrykkssterk og heilskapleg utforming med god balanse mellom topografi, arealbruk og variasjon av vegetasjon og landskapselement. Felles for områda er at den visuelle kontakten mellom fjordsidene er såpass svak at vanlege aktivitetar og tiltak på ei av fjordsidene i mindre grad vil påverke landskapsbiletet sett frå andre sida, medan utbygging av større hamneterminalanlegg, ilandføringsinstallasjonar, steinbrot og andre tiltak som vil eksponere fjordsidene vil kunne virke inn og endre viktige trekk ved landskapskarakteren.



Figur 4: Oversikt over landskapstyper i området. (Kjelde: Kart i vest, HFK).

I planarbeidet er det eit mål om å sikre siktliner i sentrum og ned til sjø og er eit tema som må vurderast i planarbeidet.

Planarbeidet må vurdere omfang og konsekvens av planlagde nye tiltak i høve verdi av landskap.

4.2 Friluftsliv/by- og bygdeliv


Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving.

By- og bygdeliv vert her definert som opphald og fysisk aktivitet i byar og tettstader.

Underkategoriar til desse omgrepa kan vere ferdselsforbindingar, blå/grøne korridorar, sykkelruter, turområde, utfartsområde, naturterreng, marka/bymark, urbane uteområde, leike- og rekreasjonsområde, strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, jordbrukslandskap som nyttast til friluftsliv og andre rekreasjons- og friluftsområde.

Grunnlaget for vurdering av friluftsliv/by- og bygdeliv er henta frå temakart, topografiske kart, ortofoto, kommunedelplan samt offentlege registreringar, databasar og opplysningar frå Fusa kommune. I kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er attraktive areal for friluftsliv område langs sjø, vatn og vassdrag, i skogen og på fjellet der folk kan gå på tur, leika, jakta, fiska, sykle osv.

Området har kort avstand til skog og fjellområde og med stor grad av tilgjenge. Strandsona er slik den ligg i dag mindre tilgjengeleg. Strand- og sjøområda utanfor Strandvik er registrert som regionalt friluftsområde, Sævareidfjorden, som eit viktig friluftsområde i sjø. Vest for planområdet ligg Vinnes som er eit mykje nytta friluftsområde og som òg ligg innanfor friluftsområdet. Litt nordaust for planområdet er det eit statleg sikra friluftsområde; Skjelevika.



Figur 5: Oversikt over registrerte friluftsområde ved planområdet.

For området i sentrum pågår det av lokale initiativtakarar arbeid med å lage til ein bygdepark med ulike aktivitetar og med mål å auke tilgjenge til Vikaelva. Med grunnlag i Liv og lyst programmet der fokuset var på utvikling av det gamle sentrum for å skapa møteplassar og aktivitet for heile bygda har Hordaland fylkeskommune gjeve støtte til folkepark.


Det pågår arbeid med planar for flaumsikring av Vikaelva. Det er ønskeleg at flaumsikring av nedre del av elva frå brua mot fjorden vert utført først. Planen er å nytte massar frå elva til fyllmassar i parken og slik heve nivået på parken med tanke på flaumar. Parkarealet er planlagt overlate til Strandvik bygdeutval, som offentlig areal. Arbeidet med bygdeparken vert innarbeida i planarbeidet.

Det er kome innspel om at det i planarbeidet vert vurdert å leggje til rette for gangveg/sti frå hytteområdet nedanfor Kletten via areal sett av til småbåthamn/campingplass, bak naustrekkja og mot bygdeparken/sentrumsområdet. Konsekvensar av nye tiltak i friluftssamanheng må vurderast som del av konsekvensutgreiinga.

Ved evt. tiltak som å ta ut eller fylle massar langs elv eller sjø skal det setjast krav til berekraftig massehandtering i detaljplanar.

Strandsone

Kommunen har kartlagt funksjonell strandsone for delar av kommunen, som skal nyttast som ein del av vurderingsgrunnlaget for sakshandsaming av alle tiltak i strandsona (KPA). Del av området ligg innanfor 100-meters beltet i strandsona og innanfor funksjonell strandsone, sjå figur under. Konsekvensar av nye tiltak innanfor området må utgreiast i høve strandsona.




Figur 6: Utsnitt av funksjonell strandsonekartlegging Fusa kommune.

4.3 Naturmangfald

Naturmangfald vert i naturmangfaldlova (nml) definert som biologisk mangfald, landskapsmangfald og geologisk mangfald som ikkje er eit resultat av menneskeleg påverknad. Konsekvensutgreiinga vil bringe fram kunnskap om naturmangfaldverdiane i influensområdet og belyse korleis dei ulike alternativa vil kunne påverke desse. Grunnlag for tema er naturmangfald er henta frå temakart, tidlegare registrering og offentlege register. Vurdering bygger på eksisterande registrerte data frå naturbasen, artsdatabanken og miljøstatus i Hordaland m.m.

Kategoriar som kjem inn under naturmangfald er landskapsøkologiske funksjonsområder, verna natur, viktige naturtypar, økologiske funksjonsområder for artar og geostader.

Berggrunnen i planområdet er i NGU's berggrunnskart registrert som albittglimmerskifer, grønskifer og meta-arkose, kvartsskifer, kvartsglimmerskifer/kvartskonglomerat. Lausmassedekket er bestående av forvittringsmateriale og bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke.




Figur 7 Berggrunnsgeologi i området. NGU

Gjennom området renn Vikaelva som er eit viktig blå-grønt element i landskapet. I forprosjektet for utviklinga av sentrumsområdet er det utført ein dokumentasjon av Rådgivende biologer som beskriv funn og tiltak for vidare arbeid med opprusting av nedre del av elva og mudring i elveosen. Nedre del av Vikaelva er i dag allereie påverka av sjøvatn ved flo sjø og er difor eit område som ikkje vert nytta til gyting og oppvekst av ungfisk av sjøaure. Det er ikkje registrert verdifulle artsførekomstar eller naturtypar i denne delen av elva. Elveløpet bør ikkje snevrast inn og tiltak langs elva vidare oppover må avgrensast då elvebotnen inneheld habitat som er veleigna for sjøaure. Sediment i utløpet av elva er ikkje forureina og det vil ikkje være naudsynt med omfattande tiltak for å hindre spreiding av miljøgifter.


Innanfor planområdet er det langs Vikaelva registrert parkslirekne, som er ein svartelista/framand art. Graving og flytting av massar med parkslirekne bør unngåast og kun gjennomførast dersom direkte tiltak på vekseplassen er umogleg å gjennomføre.

Elles er det registrert gråspett(livskraftig), gulspurv(nær trua NT)og stær(nær trua) langs fv. 122 Strandvikvegen. Langs nausttrekkja i Strandvik i sjø og på land nær sjø er det registrert svartbak(livskraftig), skjærpiplerke(livskraftig), vipe(strekt trua EN), maktrellterne(sterkt trua EN), fiskemåke(nær trua NT), taksvale(nær trua NT), sandsvale(nær trua NT). Utanom desse er det ikkje registrert andre utvalde naturtypar eller prioriterte artar.




Figur 8: Utsnitt som viser naturmangfaldregistreringar i Naturdatabasen.

Mindre område er skog med særs høy bonitet eller høy bonitet, jf. figur under.



Figur 9: Oversikt over skogbonitet i området.



Figur 10: Kart som viser områder registrert med viktig naturverdi.

Nye tiltak sine verknader og konsekvensar for registrerte raudlista artar samt Vikaelva vil bli vurdert. Ved behov vil kartlegginga bli utvida til å omfatte større område. Området vil i denne samanheng bli vurdert etter prinsippa nedfelt i Naturmangfaldlova §§ 8-12.

4.4 Naturressursar

Naturressursar er ressursar frå skog, jord og andre utmarksareal, fiskebestand i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar og georessursar (berggrunn og mineraler). Sentralt i vurderinga er nasjonalt mål om vern av god matjord, samt berekraftig utvikling og utnytting av ikkje-fornybare ressursar på ein god måte.


Registreringskategori	Forklaring
Jordbruk	Alt jordbruksareal, dvs. fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. I tillegg registreres og vurderes dyrkbar jord. Dyrkbar jord inngår ikke i jordvernmålet.
Reindrift	Her inngår beiteområder fordelt på årstidsbeiter, kalvingsområder, trekkeier, flyttleier, faste installasjoner/anlegg, oppsamlingsområder og andre viktige funksjonsområder og samvirkning mellom disse.
Utmark	Dette gjelder beiteområder (utmarksbeite) for husdyr, og viktige områder for vilt som jaktressurs og ferskvannsfiske i næringssammenheng.
Fiskeri	Her inngår gyte- og oppvekstområder for høstbare arter i kystvann inkludert strømningsforhold i sjøen. I tillegg inngår fiskeplasser for aktive og passive redskaper, andre viktige ressursområder i sjø og kaste- og låssettingsplasser.
Vann	Vann som naturressurs omfatter eksisterende og framtidige kilder for uttak av drikkevann, vann til næringsformål (begge senere omtalt med fellesbetegnelsen drikkevann) og større grunnvannsreservoar (akvifer).
Mineralressurser	Disse inndeles i fem ulike grupper: industrimineraler, naturstein, byggeråstoffer (fra fast fjell og løsmasser), metalliske malmer og energimineraler. Disse gruppene inngår i kategoriene forekomster, prospekter og områder med tildelte utvinningsretter ut fra hvor omfattende lokaliteten er undersøkt.

Grunnlag er henta frå Norsk institutt for Bioøkonomi si arealdatabase, kystverket sin kartportal for kystinfo og fiskeridirektoratet sin kartportal. Det er også nytta andre offentlege kjelder og temakart i tillegg til topografiske kart og ortofoto. Synfaring i området vert gjennomført i samband med prosjektet og utgreiing av tema i konsekvensutgreiinga.

Foreløpige registreringar viser at naturressursane i området primært knyt seg til jordbruk, men at Vikaelva òg er ein viktig naturressurs i bygda.

Landbruk

Mykje av arealet i og utanfor planområdet er fulldyrka jord, men berre mindre delar er sett av til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Kjerneområde for landbruk er i hovudsak sett utanfor planområdet. Byggeområde er konsekvensutgreia ved rulleringa av kommuneplanens arealdel og treng difor ikkje utgreiast på nytt. Planarbeidet må utgreie vil vurdere planframleggets konsekvensar for landbruksareal.



Figur 11: Oversikt markslag i området. Kilden, NIBIO

Konsekvensar av nye tiltak for naturressursar i området vil bli vurdert og omtala i planarbeidet vidare.

Vikaelva

Vikaelva er eit viktig element i Strandvik, men det er knytt problematikk til flaum i elva. Bygdepark og auka tilgjenge til Vikaelva i sentrum av Strandvik har vore utarbeidd før arbeidet med områdeplanen vart starta opp. Arbeidet vert innlemma som del av områdeplanen. Arbeidet med auka tilgjenge til og flaumsikring av Vikaelva vert viktig del av arbeidet og vurdert i dette planarbeidet. For Vikaelva som viktig vassressurs må tiltak som evt. medfører inngrep i elva vere godt skildra og at konsekvensane for ålmenne interesser i vassdraget vert vurdert. Dette kan vere vurdering av ålmenne ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred m.m.

Ved evt. tiltak som å ta ut eller fyller massar langs elv eller sjø skal det setjast krav til berekraftig massehandtering i detaljplanar.

4.5 Kulturarv


Grunnlaget omfattar spor etter menneske, kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Kulturminne og kulturmiljø er definert i lov om kulturminne:

<i>Kulturminne</i>	Alle spor av menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
<i>Kulturmiljø</i>	Eit område der kulturminne går inn som ei del av ein større heilskap eller samanheng.
<i>Automatisk freda kulturminne</i>	Omfattar alle faste kulturminne frå før 1367 og alle ståande byggverk med opphav frå før 1650
<i>Kulturlandskap</i>	Landskap som er monaleg prega av menneskeleg bruk og verksemd.
<i>Vedtaks freda kulturminne og kulturmiljø</i>	Kulturminne og kulturmiljø som er freda med heimel i kulturminnelova (§§ 15, 19 og 20)
<i>Skipsfunn</i>	Meir enn 100 år gamle båtar, skipsskrog, tilbehør, last og anna som er verna mot inngrep

Kategoriar innanfor kulturarv er delt i kulturmiljønivå - kulturmiljø i tettbygde område, teknisk-industrielle kulturmiljø, stader det er knytt tru eller tradisjon til, forsvarsanlegg, kulturminne i utmark, andre kulturmiljø eller landskapsnivå (kulturhistoriske landskap, infrastruktur, bystruktur)

Formålet er å bringe fram kunnskap om kulturmiljøverdiar og korleis planlagde nye tiltak påverkar kulturarva. Grunnlaget for kulturmiljø er i hovudsak henta frå riksantikvarens database Askeladden, skriftlege kjelder og Hordaland fylkeskommune.

Innanfor området er det registrerte 3 automatisk freda kulturminne og fleire SEFRAK-bygningar. Eit automatisk freda kulturminne ligg rett nordvest for planavgrensinga. Store delar av planområdet ligg i område klassifisert som kulturminnerik strandsone, jf. interkommunal strandsoneplan i Sunnhordaland. I kommunedelplan for kulturvern i Fusa kommune er det vist til at det er særleg grunn til å vera merksam på dei gamle bygningsmiljøa i Strandvik sentrum.



Figur 12: Oversikt registrerte bygningar frå før 1900 og kulturminne i området. Miljøstatus

Naustrekkja i Strandvik består av mange eldre naust og er eit av dei største naustmiljøa i Fusa. Miljøet er i hovudsak naust og buer bygd på 1800-talet i stav og lafteverk samt nyare naust bygd i seinare tid. Inntil naustrekkja ligg det våningshus som er verneverdige. I planarbeidet er det ønskeleg å sikre dei opne flatene (baklandet) til naustrekkja som landbruksområde og elva som er viktige for karakteren kring naustrekkja. Konsekvensar av nye tiltak i planarbeidet må vurderast i høve dette miljøet.


Kyrkja i Strandvik vart reist i 1857 og seinare ombygd innvendig. Kyrkja er freda. Bjørgvin bispedømme skal vere høyringsinstans når det er tiltak nærare kyrkja enn 300 m. Konsekvensen nye tiltak får for kyrkja og området rundt må utgreiast i det vidare planarbeidet.

Den gamle dampskipskaien, « Gamlekaien » står som eit minne om den gamle ruteferdsla på Bjørnafjorden. Kaien har i stor grad same utforming som Leirkaien på Vinnes, men manglar nokre element frå tidlegare.

Planarbeidet må vurdere nye tiltak opp mot verdien og kva konsekvens dei har for automatisk freda kulturminne og andre viktige/verneverdige bygningar/kulturmiljø i området.

4.6 Trafikk

Fylkesveg 122 Strandvikvegen gjennom planområdet er i 2017 registrert med 700 ÅDT. Fartsgrense innanfor planområdet er i dag for det meste 50 km/t, men med ei eit strekk gjennom sentrum med 30- sone, sjå figur under.



Figur 13: Oversikt fartsgrenser og vegtrafikk i område

For planarbeidet ønsker kommunen å legge til rette for trygg og god vegframføring til nye bustadfelt, og sikre gode tilhøve for mjuke trafikantar i heile planområdet. Planarbeidet må vurdere trafikksikring langs fylkesveg 122 austover frå sentrumsområdet. Vegen opp til bustadområdet på Leigland er nokre stader smal. Vurderingar av dette må gjerast i planarbeidet.


Det vil i planarbeidet bli vurdert trafikkmengd og evt. naudsynte tiltak langs fylkesveg 122 Strandvikvegen. Konsekvensane som ny utvikling av sentrumsområdet får for trafikksystemet må kome fram i planarbeidet. Som grunnlag for vurderingar og utgreiing er det naudsynt med ei forenkla trafikkanalyse som ser på trafikkmengd, løysingar for mjuke trafikantar og snarvegar nytta av barn og unge i sentrumsområdet med fokus på framtidig utvikling/vekst og nye løysingar for betra tilhøve.

Vedtatt plan for Fv 122 frå Kvålshagen til brua i Strandvik sentrum vil innarbeidast og vurderast som del av områdeplanen.

4.7 Bukommunen

Strandvik er i 2017 registrert med 506 innbyggjarar. Forventa vekst frå 2000-2015 var frå 404 – 487 innbyggjarar. Dvs. at det er om lag 20 nye innbyggjarar frå 2015-2019. Mykje av innbyggjarveksten er i område utanfor sjølve sentrumsområde i Strandvik, som Kletten og Strandli. Det er i dei 15-20 neste åra forventa om lag 80-90 nye innbyggjarar. Dette utløyser eit visst behov for nye bustader.

I planområdet er det i dag ei klar overvekt av einestader og landbrukseigedomar. Det er eit overordna mål at kommunen skal ha kommunale bustader som omsorgsbustader og det er ein fordel om kommunale bustader i



Figur 15 Utsnitt frå støyvarselkart for Hordaland som viser støy langs fylkesveg 122 Strandvikvegen. Støyvarselkart SVV.

5.0 Konsekvensutgreiing

5.1 Metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket fører til. Ei føresetnad for konsekvensutgreiingar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan gjerast greie for. I konsekvensutgreiingar er tiltaket eller tiltaka alltid årsak. Det er viktig å halde orden på samanhengen mellom tiltak og konsekvens for å få med alle konsekvensar, men òg for å unngå dobbeltellingar.

Handbok V712 (2018) om konsekvensanalysar frå Statens Vegvesen er lagt til grunn for konsekvensutgreiing av områdeplanen. Viktige prinsipp frå handboka vil verte nytta der det er høveleg og tek utgangspunkt i ikkje-prissette konsekvensar fordelt på fem fagtema:

- **Landskapsbilde:** omhandlar det romlege visuelle landskapet
- **Friluftsliv/by- og bygdeliv:** landskapet slik folk opplev og bruker det
- **Naturmangfald:** det økologiske landskapet
- **Kulturarv:** det kulturhistoriske landskapet
- **Naturressursar:** produksjonslandskapet

For planprogrammet er det tatt utgangspunkt i eit av hovudsatsingsområda frå kommuneplanen sin samfunnsdel-bærekraftige lokalsamfunn. Hovudfokuset for bærekraftige lokalsamfunn skal vere Fusa som:

- Naturkommune- på lag med naturen
- Bukommune- trivsel for alle
- Arbeidskommune- rikt og variert næringslov

Konsekvensutgreiinga skal vurdere om nye tiltak som det vert lagt til rette for og innspel som vert fremja med planforslaget, vil ha vesentlege verknader for vurderte tema. Nokre av tiltaka er konsekvensutgreia i overordna plan eller i samband med andre igangsette planar innanfor området. Det er difor vald å avgrense konsekvensutgreiinga til nye utbyggingsføremål som ikkje er i samsvar med overordna plan og som tidlegare ikkje er utgreia.

Konsekvensane av nye tiltak skal vurderast på grunnlag av områda sin verdi og tiltaket si påverknad for dei ulike utgreiingstema. Ei konsekvensutgreiing må basere seg på fagleg skjønn, subjektive vurderingar og på grunnlag av objektive kriteria. Dette gjeld både fastsetting av området sin verdi, tiltaket sin påverknad og verknadene av dette i det råka området og ved vurdering av konsekvens.

Tre omgrep står sentralt når det gjeld vurdering og analyse av konsekvensar for nye tiltak:

- **Verdi:** Vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er i høve til fagtema og evt. underliggende kategoriar. Verdi vert uttrykt gjennom tilstand, eigenskap og utviklingstrekk for fagtema. Verdien vert fastsett etter utan betyding – noko – middels – stor – svært stor. Verdi kan ha nasjonal, regional eller lokal betyding. Kva verdi som vert sett må gå fram av konsekvensutgreiinga.
- **Påverknad:** Tiltaket sin påverknad er mål på kor store endringar tiltaket kan medføre for fagtema, etter skala sterkt forringa – Forringa – Noko forringa – Ubetydeleg forringa - Forbetra. Påverknad vert vurdert opp mot referansesituasjonen (nullalternativet). Påverknad skal vurderast for dei same fagtema og evt. underkategoriar som er verdivurdert. Vurderinga bygger på kunnskap om verdiane i området, kunnskap om tiltaket sin fysiske utforming og kunnskap om korleis tiltaket påverkar verdiane for fagtemaet.
- **Konsekvens:** Konsekvens vert fastsett ved samanstilling av verdi og påverknad for eit område. Negativ konsekvens er knytt til verdiforringing av eit område, medan positiv konsekvensgrad føreset ein verdiauke etter at tiltaket er realisert. Skala går frå 4 minus til 4 pluss. Ved å samanstille verdi og påverknad i konsekvensvifta blir det gitt ein konsekvens for alternativet for det aktuelle miljøet. Føremoner og ulemper eit definert tiltak vil føre til i høve til verdi og påverknad.

Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjersler. Kunnskapsnivået må stå i høve til sannsyn for og alvorsgraden av endringane.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar, rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. GIS vil bli brukt som verktøy for analyse, utarbeiding av temakart/verdikart og som grunnlag for tilhøyrande konsekvensvurderingar.

5.2 Alternativ som skal utgreiast

Det varsla planområdet er stort og omfattar ca. 491 daa. Bakgrunnen for storleiken er m.a. ønskje om å oppdatere vedtekne og pågåande planar i Strandvik samt oppnå god kopling mot tilgrensande planar og andre viktige område utanfor planområdet. For planarbeidet vil det vere arealbruksendringar som er i strid med kommuneplanens arealdel eller som ikkje er utgreia tidlegare som er grunnlaget for utgreiinga.

Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventta tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventta tilstand utan tiltaket, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. Gjennom vurdering og samanstilling av eksisterande informasjon skal det søkjast å vurdere konsekvens av tiltaka for det enkelte fagtema som skal konsekvensutgreiast. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne sei noko

om konsekvens endringa vil føre til. Samla vurdering av konsekvensane vert gjort etter ein inndelt skala der tiltaka er vurdert i høve referansesituasjon. I denne plansaka er det vurdert eit alternativ i tillegg til 0-alternativet.

0-alternativet

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom planen ikkje vert gjennomført. Dette inneber at areala innanfor planområdet vert vidareført som i vedtatt kommuneplan og reguleringsplanar.

Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativet er arealbruk som vert foreslått som del av planforslaget. Arealbruk som vert konsekvensutgreidd er arealbruk som ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel eller er konsekvensutgreia i overordna plan. For å vurdere konsekvensen av eit utbyggingstiltak vil ein vurdere tiltaket si påverknad for dei ulike fagtema og kategoriar som skildra over og i utgreiingsprogrammet.

5.3 Utgreiingsprogram

Vurderinga ut frå registreringar og kjend kunnskap så langt er at nye tiltak kan få vesentleg påverknad på miljø og samfunn for følgjande utgreiingstema:

FAGTEMA med ev. registreringskategoriar	KJEND KUNNSKAP / REGISTRERINGAR	UTGREIINGSBEHOV
Landskapsbilde: • Topografiske hovudformer • Romlege eigenskapar • Naturskapte visuell eigenskapar • Naturskapte nøkkelement • Vegetasjon • Arealbruk • Byform og arkitektur • Menneskeskapte visuelle eigenskapar • Menneskeskapte nøkkelement	- «Nasjonalt referansesystem for landskap 2005» - «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke - Offentlege databasar - Synlegheitsanalyse - Synfaring	Verdivurdering av landskap og påverknad av nye tiltak for landskapsbilde som samla gjev ein grad av positiv eller negativ konsekvens.
Friluftsliv / by- og bygdeliv- Ferdselslinjer/soner: • Ferdselslinjer • Blå/grøne korridorar • Sykkeleruter • Turområde Friluftsliv/by- og bygdeliv- geografiske område: • Utfartsområde • Nærturterreng • Marka/bymark • Urbane uteområde • Leike- og rekreasjonsområde • Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag • Jordbrukslandskap som nyttast til friluftsliv • Andre rekreasjons- og friluftsområde	- temakart - topografiske kart - ortofoto - kommunedelplan - offentlege registreringar - databasar - opplysningar frå Fusa kommune - Synfaring - www.ut.no	Kartlegge friluftsliv i område og verdi av dette samt korleis nye tiltak vil påverke friluftslivet.
Naturmangfald: • Landskapsøkologiske funksjonsområde • Verna natur • Viktige naturtypar	- Temakart - Offentlege databasar som naturbasen,	Nye tiltak si påverknad og konsekvensar for viktig naturmangfald, registrerte raudlista artar samt Vikaelva

• Økologiske funksjonsområde for artar • Geostader	artsdatabanken, miljøstatus, - Utførte rapportar - Nye rapportar - Synfaring	vil bli vurdert. Ved behov vil kartlegginga bli utvida til å omfatte større område, influensområde. Området vil i denne samanheng bli vurdert etter prinsippa nedfelt i Naturmangfaldlova §§ 8-12
Kulturarv- kulturmiljønivå: • Gardsmiljø/fiskebruk m.m • Kulturmiljø i tettbygde område • Teknisk-industrielle kulturmiljø • Stader det er knytt tru eller tradisjon til • Forsvarsanlegg • Kulturminne i utmark • Andre kulturmiljø Kulturarv- landskapsnivå: • Kulturhistoriske landskap • Infrastruktur • Bystruktur	- Askeladden - Skriftlege kjelder - Hordaland fylkeskommune - Kommunedelplan - Interkommunal strandsoneplan - Offentlege databasar - Synfaring	Planarbeidet må vurdere påverknad av nye tiltak i høve vurdert verdi og kva konsekvens dei har for automatisk freda kulturminne og andre viktige/verneverdige bygningar i området
Naturressursar: • Jordbruk • Reindrift • Utmark • Fiskeri • Vatn • Mineralressursar	- Database norsk institutt for bioøkonomi - Kystverket - Fiskeridirektoratet - NVE - Offentlege kjelder/temakart - Synfaring	Planarbeidet må utgreie påverknad og konsekvens av nye tiltak for dyrka mark, Vikaelva og naturressursar som ikkje er utgreia i overordna eller andre planar.

5.4 Samanstilling og tilråding

Konsekvensane som er utgreidd for nye tiltak vert oppsummert og samanstillt i konsekvensutgreiinga og vil inngå som del av planomtalen.

Det skal gjerast greie for i kva grad dei ulike tiltaka sikrar måloppnåing i høve til nasjonale mål og retningslinjer, fylkesplanar, kommuneplanar og andre relevante planar. Avbøtande tiltak som må gjerast for å få tilfredsstillande tilhøve eller betre dei negative konsekvensane vert omtala nærare i utgreiinga eller planarbeidet. I høve planarbeidet skal det utarbeidast ROS-tilhøve som ser på i planområdet, men òg risiko og sårbarheit utanfor som kan påverke planområdet. Vurderingar og kartleggingar i ROS-analyse skal innarbeidast i planarbeidet.

Fusa kommune har gått positivt inn for å starte opp områdeplan for sentrumsområdet Strandvik gjennom kommuneplanens arealdel og kommunens planstrategi.